

Rasmus Ommedal  
Ommedal  
6829 Hyen  
Tlf. 97 75 24 20

6829 Hyen 16.03.2016.

NVE - Konesjonsavdelinga  
v. sakshandsamar Erlend Støle Hansen  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

HØYRINGSUTTALE VEDRØRANDE OMMEDAL KRAFTVERK,  
GLOPPEN, SOGN OG FJORDANE. Reg.nr. 7072. Saksnr. 201300411.

Eg viser til folkemøte i Hyen Samfunnshus 2 februar d.å., og vil med dette gje følgjande uttale til planane om utbygging av Ommedal Kraftverk.

### **1. Fossen i Tverrelva.**

Denne vil bli sterkt redusert som landskapselement. I dag er Fossen eit blikkfang som er med og gjev landskapet liv. Både for oss som bur her fast og for dei som er her t.d. for å fiske blir dette eit følbart tap. Figur 2-2 på side 9 i konsesjonssøknaden viser at det i gjennomsnitt er berre er 3-4 veker årleg (i mai - juni) at vassføringa i elva vil vere over slukeevna i stasjonen og vassføringa i Fossen vil overstige den planlagde minstevassføringa.

### **2. Minstevassføring.**

Konesjonssøknaden er elles uklår / tvetydig når det gjeld minstevassføringa nedanfor inntaksdammane. På side 5 står det at det skal sleppast 5-persentil sommar og vinter. På side 38 og 39 står det at det er 4-persentil som er føresett i søknaden. Nedanfor inntaket i elva som i søknaden har fått namnet Tverrelva (men som dei fastbuande kallar Ommedalstøselva eller berre Støselva. Dette gjeld elva som renn forbi Ommedalstøylen og ned til samløpet med Vesleelva. Herifrå og ned i dalen er det at elva vert kalla Ommedalstverrelva eller berre Tverrelva.) Nedanfor inntaksdammen i Støselva er det ikkje planlagt minstevassføring og utbyggjaren kan tørrleggje elva fullstendig sjølv om det er fullt innsyn til elva og inntaksdammen frå stølsvegen.

### **3. Hovudløp og flaumløp i nedre del av Ommedalstverrelva.**

For berre nokre få år sidan var det nokså lik vassføring i dei to elveløpa frå fossrota og ned til Ommedalselva. Faktisk hadde det nordre løpet størst vassføring tidlegare. Endringa har oppstått ved at Tverrelva har ført med seg stein og lausmasser som delvis har stengt det nordre løpet og redusert vassføringa her. Dette burde vore renska opp og ført tilbake til slik det var tidlegare, også av omsyn til fylkesvegen. Brua over nordre løpet er den største og mest solide (bygd ny tidleg på 1980-talet).

### **4. Ommedal Klekkeri.**

Ommedal Klekkeri vart bygt i 1980 med Ommedalstverrelva som vasskjelde. OK er eit godt og formålstenleg kultiveringsanlegg for Gjengedalsvassdraget. Fram til 1998 var anlegget i full drift med årleg utsetjing av yngel og settefisk, både av laks og sjøaure. Dette viste seg som eit vellukka tiltak og fiskestammene i elva, både av laks og aure, framsto som sterke og livskraftige. Hausten 1998 vart vi nekta stamfiskløyve med grunngjeving at bestandane var så sterke at elva måtte greie seg sjølv. Kultiveringsarbeidet på sjøaure har lege nede sidan, medan klekkeriet fram til no har vore i drift med laks i redusert omfang med bakgrunn i fisk fanga og teken vare på i ordinær fiskesesong.

### **5. Nedlagt klekkeri ?**

To stader på side 36 i konsesjonssøknaden står det at klekkeriet er nedlagt. Ingenting er nemnt om at Tverrelva er vasskjelde til dette kultiveringsanlegget eller at vassinntaket kan bli forringa eller øydelagt av kraftutbygginga. Fiskestellarbeidet på sjøauren har no lege brakk i 17 år og det viser att. Det er verkeleg byrja å haste å ta opp att kultiveringa, og då treng vi kultiveringsanlegget,- -med vatn.

### **6. Anadrom fisk i Ommedalstverrelva.**

Ommedalstverrelva er i konsesjonssøknaden framstilt som verdilaus når det gjeld gyting og oppvekstområde for anadrom fisk. For oss som er lokalkjende er det vel kjent at sjøaure har brukt begge greinene av Tverrelva oppover til fossrota som gyteområde. Dette området har også vore nytta som utsettingsområde for yngel og settefisk. Som dokumentasjon for dette legg eg ved kopi av eit par av dei årlege utsettingslistene, som m.a. viser at Ommedalstverrelva var eiga utsettingssone i kultiveringsarbeidet.

### **7. Dyr utbygging.**

Ommedal Kraftverk er ei dyr utbygging der prisen pr. årleg produserte kilowatttime ligg over 4 kroner. Utbygginga framstår difor som lite lønsam og økonomisk risikofylt. Det tolast såleis ikkje all verden av materielle eller immaterielle ulemper før ulempene med tiltaket blir større enn fordelane. Søknaden bør difor ikkje imøtekomast.

### **8. Samla belastning på naturverdiane.**

I Hyen er det allereie utbygt fleire både større og mindre kraftverk. Med det som no er planlagt og omsøkt utbygt, er det nesten slik at kvar ei elv og kvar ein bekk over ein viss storleik i bygda skal leggest i rør. Så langt eg kan sjå er det fleire av dei omsøkte prosjekta som er betre og heller bør få konsesjon enn Ommedal Kraftverk. Å seie ja til alt blir i meste laget.

Med venleg helsing



Rasmus Ommedal

KULTURARBEIDET I AUSTRE HYEN-VASSDRAGET 1985.

Stasjon	Strekning	Plomesekk- yngel		Einsomrig setjefisk		Eitårig setjefisk			Smolt			
		L/A	stk	L/A	str	stk	L/A	str	stk	L/A	str	stk
A	Sjøen-Laksegarhøl. 17.000 10	A	24.410		cm				A	9mm. 30-90	653 (M)	
B	Laksegarh-Aavatn 20.000 6			L	5,5-6	10.405			L	15-30	230	
C	Aavatn 300.000 2	A	40.218									
D	Ommedalsvatn 700.000 1			L	6-7	22.890						
E	Ommedalsv-Brua 38.000 10	A	43.073				A	10-14	220	A	30-90	500 (M)
F	Brua-Gardstøylhøl. 18.000 9			L	5-6	10.940						
G	Gardst.h.-Hengebr. 23.000 10			A	7	4.380						
H	H.br.-Gjd.brua 16.000 8			L	5-6	9.868						
I	Brua-Gr.Omd.-Gjd. 5.000 4	A	3.000									
J	Grensa-Foss i Gj. 8.000 6	A	13.791									
K	Foss-Storefossen 11.000 5	A	19.618									
L	Aatverrelva 1.000 7											
M	Ommedalstverrelva 400 6	A	2.000									
N	Aust for Kjøsøyna 2.500 10			A	7	1.060						
O	Rognkleivelva 1.500 9			A	7	1.360						
P	Rønnekl.-Mjellem 9.000 8			L	5,5-6	4.508						
Q	St.f.-Høgehaugen 22.000 3											
R	Høgeh.-Aastøylen 27.000 10			L	5,5-6	14.003						
S	Aast.-Dalevatn 21.000 6			L	5,5-6	11.000						
T	Gjd.støylselva 15.000 8			L	5,5	8.110						
SUM SJØAURE			146.110			6.800		220			1.153 (M)	
SUM LAKS						91.724					230	

KULTURARBEIDET I AUSTRE HYEN-VASSDRAGET 1998.

Sone	Strekning Areal. Verdi 1-10	Plomesekk- yngel		Einsomrig setjefisk		Eitårig setjefisk		Smolt UTS 23.6.98		
		L/A	stk	L/A	str stk	L/A	str stk	L/A	str stk	stk
A	Sjøen-Laksegarhøl. 17.000 10				GRAM A 2,44 8.197		GRAM			
B	Laksegarh-Aavatn 20.000 6				A 2,44 9.084					
C	Aavatn 300.000 2				A 2,62 20.992			L 36,2		6.701
D	Ommedalsvatn 700.000 1				A 2,67 54.290					
E	Ommedalsv-Brua 38.000 10				A 2,63 8.365			L 52,4		6.536
F	Brua-Gardstøylhøl. 18.000 9				"			L 24,2	398	L 42,1 1.593
G	Gardst.h.-Hengebr. 23.000 10				A 2,57 4.079			L 24,2	348	L 42,1 1.394
H	H.br.-Gjd.brua 16.000 8				A 2,63 5.703			L 24,2	249	L 42,1 995
I	Brua-Gr.Omd.-Gjd. 5.000 4				A 2,63 2.700					
J	Grensa-Foss i Gj. 8.000 6				A 2,63 1.977					
K	Foss-Storefossen 11.000 5				A 2,76 2.971					
L	Aatverrelva 1.000 7									
M	Ommedalstverrelva 400 6				A 2,63 456					
N	Aust for Kjøsøyna 2.500 10				A 2,44 1.230					
O	Rognkleivelva 1.500 7				A 2,63 2.548					
P	Rønnekl.-Mjellen 9.000 8									
Q	St.f.-Høgehaugen 22.000 3									
R	Høgeh.-Aastøylen 27.000 10				L 3,68 1.865					
S	Aast.-Dalevatn 21.000 6				L 3,68 1.486					
T	Gjd.støylselva 15.000 8									
SUM SJØAURE					122.592					
SUM LAKS					3.351		995			17.219